

Friluftslaget og Stemneplassen treng støtte.

14.03.2016



Styret i friluftslaget f.v.: Tormod Myklebust, Johannes F. Kaldestad, Kristian Bringedal, Ove Myhre og Bjørgulv Eik. Selma Eik var ikkje til stades.

Sjølv om bruken av, og aktiviteten på, Stemneplassen er liten, kan vi etter årsmøtet i kveld slå fast at dei som sit i styret gjer ein god jobb. Punkta som vart vedtekne på årsmøtet i fjor er gjennomført, men økonomien er svært trang, og det er alarmerande at ein stor del av medlemslaga ikkje er representert på årsmøtet.



Frå årsmøtet i friluftslaget mandag kveld

Dei vanlege årsmøtesakene gjekk raskt unna. Årsmeldinga fortalte at det var gjort vurdering av tilstand og tiltak når det gjeld betongplata. Ein er usikker på om vassmerke i taket i rommet under scenen skuldast lekkasje eller kondens. For å sikra seg at plata blir tett hadde eit firma på Stord anbefalt eit spesielt rensestoff før påføring av ei impregnering. Også SKL kunne visa til gode erfaringar med dette stoffet. Dette vert gjort på dugnad no i vår. Dersom det vert nødvendig, må meir kostbare løysingar vurderast. Leiar Ove Myhre har hatt god hjelp av Audun Eik i dette arbeidet.

Også denne våren har det vore gjort eit stort rydjings- og trefellingsarbeid. Dette er gjort av Johannes F.Kaldestad og Torger Feet. No er dei klar til å ta krattet bak amfiet opp mot Skårhaugtoppen. Dermed vert også stien betre i dette området som er så eigna for familieturar.

Rekneskapen viste eit underskot på om lag 5000,- kr. Største utgiftene går til straum(9816,34) og vatn(2900) medan største inntektspost var ein bingo som var ei gåve frå Uskedal ungdomslag(6149,-). Leigeinntekter var 2500,-kr. Ved årskiftet var kassabehaldninga 7598,98 kr, men etter det har ein m.a. betalt ei straumrekning slik at det pr. i dag er ca. 1000 kr i kassen.

Det vil no bli sendt ut giroar på medlemspengar til medlemslaga. Det vert også vurdert støttemedlemsskap(Stemneplassens venner).

Elles vart mykje av tida brukt til å diskutera korleis ein kan auka bruken både av sjølve plassen og møterommet under scenen. Her vart det påpeika at det er eit veileigna, enkelt og godt møterom til billeg leige. Leiga er 300 kr pr. gang, eller lag kan betala doble medlemspengar(1000 kr) og ha gratis møtelokale heile året. Det er også skaffa gode, men brukte stolar frå kommunen.

Styret har vore Ove M. Myhre(leiar/kasserar), Tormod Myklebust(nestleiar), Kristian Bringedal(skrivar), Johannes F. Kaldestad(styrelem med ansvar for slått og vegetasjon), Selma Eik (styrelem) og Bjørgulv Eik(vara). Valet resulterte i attval av alle saman.

Det vart også bestemt at det vert dugnad onsdag 11.mai kl.18 for å gjera plassen klar til 17.mai.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Einar Gjertsen